



Saksframlegg

Saknr.

Utval

Møtedato

34/26

Ungdommen sitt kommunestyre

11.09.2026

Uttale til lokal forskrift om skulekrinsar og grensejustering Skjolden - Hafslo skulekrins. Handsaming i UK

Kommunedirektøren si tilråding:

Uk sin uttale til lokal forskrift om skulekrinsar og kringsgrenser mellom Skjolden og Hafslo skulekrins:

...

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret, Uk kan velje å gje uttale.

Fakta

I denne høyringsrunden er det særleg ønskeleg å få innspel på fastsetjinga av skulekrinsgrensa mellom Skjolden skulekrins og nye Hafslo skulekrins på sørsida.

Frå tidlege tider har grenselina mellom Indre og Ytre Kroken strekt seg frå den gamle kaien på Indre Kroken utanfor Kroken (bnr. 2), men innanfor Ekrene fram til Hundafossen og derifrå følgd Krokervi som grenseline like til fjells i aust. Dette var også grenselina mellom Nes sokn av Luster prestegjeld og Solvorn sokn (tidlegare Urnes sokn) av Hafslo prestegjeld.

Frå skuleåret 1973 har elevane frå Kroken – Sørheim gått på skule i Skjolden. Då vart skulen i Kroken lagt ned. Årsakene var minkande elevtal, innføring av 9-årig grunnskule og fylkesvegen mellom Skjolden og Kroken skulle opnast for offentleg trafikk. Etter gamalt gjekk barna som budde på Loi på Kroken skule. Framlegget til presisering av skulekrinsgrense mellom Skjolden skulekrins og nye Hafslo skulekrins er difor Logrovi

UK få orientering i møtet og kan velje å gje uttale.

Vedlagt ligg høyringsbrev, framlegg til forskrift og kart over grense mellom Skjolden og Hafslo skulekrins.

Vedlegg

Høyringsbrev_Lokal_forskrift_om_skulekrinsar_og_grensejustering_Skjolden_Hafslo_skulekrins

Framlegg_Forskrift_om_skulekrinsar_og_tildeling_av_skuleplass_i_Luster_kommune

Grense_Hafslo_skulekrins_Skjolden_skulekrins